



Thore Knarvik  
Knarvikgarden 71  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/940 - 19/34576

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
25.11.2019

## Oversending av klage til uttale - gbnr 121/1 Knarvik (Lauvåssjøen)

**Tiltak:** frådeling  
**Byggjestad:** Gbnr: 121/1 Knarvikgarden 69  
**Tiltakshavar:** Thore og Jenny Lid Knarvik  
**Ansvarleg søkjar:**

Lindås kommune har motteke klage i frå Fylkesmannen i Vestland datert 18.11.2019 over kommunen sitt vedtak i saksnr 109/19.

Klagen vert sendt til aktuelle motpartar i saka for uttale, jf. forvaltningsloven § 16 tredje ledd. Frist for uttale vert sett til **23.12.2019**.

### **Frist for innsending av uttale til klagen er 23.12.2019.**

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av utval for Areal, plan og miljø. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside. Det vert sendt ut brev med informasjon om kva møte saka vert handsama i.

Handsaminga i utvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland v/settjefylkesmann for endeleg avgjerd.

### **Vurdering av utsett iverksetting av vedtak**

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 30.10.2019. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje [td. uopretteleg skade eller tap for partane].

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Thore Knarvik

Knarvikgarden 71 5955

LINDÅS